



**VOLDA KOMMUNE**

## MØTEINNKALLING

**Utvalg:** Formannskapet  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 02.05.2017  
**Tid:** 12:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller [postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no), som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, med kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentlig ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.

Jørgen Amdam  
ordfører



## VOLDA KOMMUNE

# SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 69/17	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 70/17	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 71/17 OS 71/17	<b>Orienteringssaker Synfaring Volda ungdomsskule</b>
PS 72/17	<b>Heltne/Bratteberg, gbr 27/57 - fastsetjing av tomtepris</b>
PS 73/17	<b>Symjebasseng i sentrum i Volda kommune - spørsmål om framtidig leige i symjehallen etter 2020.</b>
PS 74/17 RS 6/17	<b>Referatsaker Protokoll årsmøte 2016 Destinasjon Ålesund &amp; Sunnmøre</b>

**PS 69/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 70/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

**PS 71/17 Orienteringssaker**

**OS 71/17 Synfaring Volda ungdomsskule**



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Eli Øye Vassbotn

Arkivsak nr.: 2017/445

Arkivkode: 611

---

**Utvalsaksnr**

**Utval**

**Møtedato**

72/17

Formannskapet

02.05.2017

### HELTNE/BRATTEBERG, GBR 27/57 - FASTSETJING AV TOMTEPRIS

#### Administrasjonen si tilråding:

**Salsvilkår for Bratteberg I austre del, vert nytta for å rekne ut salsprisen for gbr. 27/57 i Heltne/Bratteberg. Dette for at tomteprisen skal verte rett i høve dagens marknadspris.**

#### Vedleggsliste:

1. Søknad på tomt frå Tømrer Prosjekt AS, datert 08.03.2017
2. Salsvilkår for tomtene i byggefeltet Heltne/Bratteberg.
3. Salsvilkår for Bratteberg I, austre del.

#### Samandrag av saka:

Tømrer Prosjekt AS har søkt om å få tildelt tomt nr.HB-35, gbr. 27/57. Dette er ei tomt som har vorte liggande att i feltet Heltne/Bratteberg, utan at nokon tidlegare har søkt på den.

#### Saksopplysningar/fakta:

Heltne/Bratteberg-feltet vart utbygt tidleg på 1980 talet, og salsvilkåra for dette feltet vart vedtekne i kommunestyremøte den 28.06.1979, sak 85/79. Desse salsvilkåra er snart 40 år, og dei er ikkje relevante i dag.

Bratteberg I, austre del ligg i same område som Heltne/Bratteberg. Dette feltet er under utbygging i dag, og salsvilkåra her er difor relevante i dag. For å få rekna ut rett marknadspris på tomta, bør ein difor bruke desse salsføresegnene.

#### Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen.

#### Økonomiske konsekvensar:

Ved å nytte salsvilkåra for Bratteberg I, austre del vert tomteprisen rett i høve til dagens marknadspris.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen.

**Vurdering og konklusjon:**

For at tomteprisen skal bli rett i øve dagens marknadspis, rår administrasjonen til at salsvilkåra for Bratteberg I, austre del vert nytta ved tildeling og utrekning av tomtepris for tomt HB-35, gbr. 27/57.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Eli Øye Vassbotn  
konsulent

**Utskrift av endeleg vedtak:**  
Tømrer Prosjekt AS

**Klageinstans:**

SALSVILKÅR FOR TOMTENE I BYGGEFELTET HELTNE/BRATTEBERG.  
VEDTEKNE AV VOLDA KOMMUNESTYRE I MØTE 28.6.79, sak 85/79.

---

Tomtene i Heltne/Bratteberg I vert å avhende på følgjande vilkår som kjøparen må godta:

- 1 a) Tomtene blir tildelt av formannskapet eller den formannskapet gir fullmakt. Den som blir tildelt tomt må innan 1 måned seie frå om han tek den tomta han har fått tildelt.
  - b) Formannskapet har vedteke at det skal betalast eit forskot på kjøpesummen ved tomtetildeling. Forskotet skal vere kr. 40.000,-. Den resterande del av kjøpesummen skal betalast straks og innan 1 måned etter at skøytet er overdrege.
- 2 a) Den som har fått tildelt tomt må innan 3 år, frå det tidspunkt han etter punkt 1 skal løyse inn skøytet på tomta, bygge på den i samsvar med reguleringsplanen.
  - b) Er det ikkje bygt på tomta innan 3 år, pliktar eigaren å skøyte tomta tilbake til kommunen. Kommunen skal svare ei rente på 7½% p.a. på innbetalt beløp. Renta skal reknast frå overdraging av skøytet.
- 3 a) For kjøparen si plikt til å refundere kommunens utgifter til tekniske anlegg m.m. gjeld formannskapets vedtak av 13.11.1978, sak 544/78.
  - b) Om oppføring av bygning og bruk av eigedomen gjeld den til kvar tid stadfest reguleringsplan for stroket. For stroket skal også gjelde vedtektene som kommunestyret vedtok den 6.2.1970 om fri sikt. Hus i same rekke eller gruppe bør ha sams takvinkel.
  - c) Vegetasjon av varig verdi som ikkje er til hinder for oppføring av bygg på tomtene må ikkje fjernast utan i samråd med kommunegartnaren.
  - d) Kommunen har rett til - utan vederlag å legge evt. vegskråningar inn på tomtene. Som veg reknast i denne samanheng også gangveg, snuplass og ballplass.
- 4 a) Dersom kommunen ønskjer å legge vatn og kloakk eller lysleidningar til andre tomter, har ein rett til å grave ned slike leidningar over eigedomen eller føre den over grunnen utan vederlag. Kommunen skal ha uhindra og vederlagsfri tilgang til når som helst å utføre ettersyn, reparasjon, vedlikehald og omlegging av slike leidningar. Etter at slikt arbeid er utført pliktar kommunen å bringe eigedomen i den stand den var før gravearbeidet vart sett igang - ved opprydding, reparasjon av gjerder og tilstelling av plenar, planter m.v.
  - b) Eigarar og festarar av naboTomter har rett til å føre vatn- og kloakkleidningar over eigedomen. I tilfelle tvist om plassering av slike leidningar, skal tvisten avgjerast av Volda bygningsråd. Mogleg

skade på hageanlegg o.l. ved graving etter at det er bygt på tomte, skal vedkomande eigar eller festar erstatte. I tilfelle partane ikkje er samde om oppryddinga eller erstatninga for det, skal spørsmålet avgjerast ved voldgift der kvar av partane vel sin representant og lensmannen i Volda oppnemner tredjeperson.

- c) Kommunen har rett til å plassere kabelboksar, kabelskap og stolpar på tomtene og ha der liggande leidningskummar. Kjøparen må ikkje bygge over leidningane eller disponere eigedomen slik at leidningsnettet blir utsett for fare eller skade. Minste avstand frå busetnad til leidningsanlegg skal vere 3,0 m.
  - d) Stikkleidningar som blir lagt av kommunen skal overtakast av kjøparen fram til tilkoplingspunktet på hovudleidninga (inkl. klave).
  - e) Der kommunen har bygt felles stikkleidningar for 2 eller fleire tomter, skal desse overtakast av brukarane ovanfor i fellesskap så langt dei einskilde er med på felles leidning.
  - f) Kloakk, vatn- og drensleidningsavstikk vert lagt av kommunen ut av vegområdet og/eller inntil 4 meter frå tategrense.
  - g) Det skal nedsettast ein stakekum for kloakk og ein drenskum for drengvatn. Teikning som syner utføringa av kumane vert å få ved teknisk etat i Volda.
  - h) Ved framføring av stikkleidningar til husa må ein akte vel på at kloakk og drens vert kopla riktig. Før grøfta for stikkleidningane vert attfylt, skal kommunens oppsynsmann tilkallast for å kontrollere at anlegget er forsvarleg utført.
  - i) Kloakken skal luftast over tak.
- 5 a) Oppføring av støttmur mot nabotomter og gater m.v. er kommunen uvedkomande.
- b) Der støttmuren grensar mot bustadveg utan opparbeidd grøft, vil kommunen forlange at muren skal drenerast. Dreneringa skal koplast inn på drengssystemet i vegen.
- 6) Der kommunen etter avtale og skjønn har gjerdeplikt mot andre eigedomar overtek kjøparen av den enkelte parsell - kommunens gjerdeplikt i samsvar med den avtale kommunen har med vedkomande.
- 7) Eventuelle jordmasser frå vegområdet har kommunen rett til å plassere på tomtene i anleggsperioden. Eventuelle overskotsmasser frå leidningsgrøfter som vert opparbeidd av kommunen i anleggsperioden kan leggjast att på tomtene.
- 8) Tomtekjøparen kan ikkje utføre anleggs- og byggearbeid før tekniske hovudanlegg er fullførde i vedkomande område.
- 9) Dersom kommunen treng areal for utviding av gater eller bygging av nye gater, skal same kvadratmeterpris leggjast til grunn for kommunens erstatning som tomteeigaren sjølv har betalt for tomte inkl. tekniske anlegg.

## SALSVILKÅR

### FOR

### BRATTEBERG 1, AUSTRE DEL.

#### 1. Kjøpesum

Kjøpesum vert fastsett slik:

- a) Utbyggingskostnader skal delast med 50% etter tomteeiningar og 50% etter netto tomteareal.

Det er nytta reguleringsplan ved fastsetjing av antal einingar:

- Frittliggande småhus. % BYA = 25% 32 einingar.
- Konsentrert småhus tomteareal: Felt B2 (2,6 daa): 4,0 einingar, Felt B2 (2,3 daa): 4,0 einingar, Felt B10: 3,0 einingar.
- Felt A1 og A2 er tilleggsareal langs Bergsvegen kvar med 5 einingar utrekna etter tomteareal/gjennomsnittstorleik på bustadhuset.

Dette gir fylgjande:

- Samla tal einingar: 53 einingar
- Samla netto tomteareal er: 40.326,6 m<sup>2</sup>
- Samla brutto areal for utbygginga (bustadareal, areal for nettstasjon, veggrunn, leik, friområde): 51.195,2 m<sup>2</sup>

- b) Grunnpris skal fastsetjast med utgangspunkt i grunnpris pr. 01.01.1990 på kr, 21,60 mr/m<sup>2</sup> for brutto areal Bratteberg 1 feltet, jfr. K-sak 191/89. Justert med konsumprisindeks fram til 15.07.2009 vert pris pr. 15.07.2009 då kr. 30,85 for brutto areal. Samla grunnkjøpskostnader skal fordelast i høve til netto tomteareal på kvar tomt.

Grunnpris pr. m<sup>2</sup> netto tomtegrunn pr. 15.07.2009 vert då på kr. 39,17 pr. m<sup>2</sup>. For tomter selde etter 15.09.2009 skal det reknast ein prisauke som tek utgangspunkt i konsumprisindeksen pr. 15.09.2009.

- c) I tillegg til salssummen ovanfor kjem oppmålingsgebyr, byggesaksgebyr og tilkoplingsgebyr for vatn og avlaup.

#### 2. Betalingstidspunkt.

Kjøpesummen forfell til betaling innan 1 månad etter melding om endeleg kjøpesum. Er ikkje kjøpesummen betalt innan 1 månad etter betalingsfristen, kan tomta tildelast andre. Administrasjonssjefen kan fastsetje andre betalingsvilkår i einiskilde høve, t.d. krevje forskot eller gje utsetjing med betalinga.

#### 3. Byggjefrist.

Den som får tildelt tomta må innan 1 år frå det tidspunkt han skal betale tomta byggje på den i samsvar med reguleringsplan. Er det ikkje bygd på tomta innan 1 år, plikta eigar å skøyte heftefri tomt attende til kommunen til same pris og utan kostnad for kommunen.



#### 4. Diverse reglar, leidningar over tomtene m.m.

- a) Tomtekjøparane får varig bruksrett i felles leik-/offentleg friområde innanfor planområdet, og desse skal verre opne for allmenn ferdsel. Dei som har bruksrett i fellesareal/offentleg friområde skal sjølve stå for fysiske installasjonar, leikeapparat utover det som reguleringsføresegnene for feltet seier og sjølve ha ansvar for drift og vedlikehald av desse. Likeeins får dei rådvelde og plikter over fellesareala/friområda og svarar for eit kvart krav som vedkjem fellesareala/friområda.
- b) Dersom tomteeigar(ar) krev gjerde mot fellesareal/offentleg friområde, må dei sjøl koste det.
- c) Kommunen har rett til – utan vederlag – å legge eventuelle vegskråningar inn på tomtene. Som veg reknast i denne samanheng og gangveg, sнопlass.
- d) Dersom kommunen ynskjer å legge vatn, kloakk og overvatn eller kabelanlegg til andre tomter har ein rett til å grave ned slike leidningar over eigedomen eller føre den over grunnen utan vederlag. Kommunen skal ha uhindra og vederlagsfri tilgong til når som helst å utføre ettersyn, reparasjon, vedlikehald og omlegging av slike leidningar. Etter at slikt arbeid er utført, pliktar kommunen å setje eigedomen i stand med opprydding, reoperasjon av gjerder og tilstelling av plen slik den var før gravearbeidet vart sett i gang. Omfang av støttemurar over hovudleidningar inne på tomter må avklarast med Kommunalteknisk avdeling, Volda før bygging. Minste avstand frå bygning til hovudleidningar er 2,0 m. NB! Tiltaket kan også vere søknadspliktig i h.t. Plan- og bygningalova.
- e) Kommunen har rett til å plassere koplingsboksar, kabelskap og stolpar og til å ha liggande leidningskummar på tomtene. Kjøper må ikkje bygge over leidningane eller disponere eigedomen slik at leidningsnett med innretningar vert utsett for fare eller skade.
- f) Stikkeleidningar, for enkelttomter eller for 2 eller fleire tomter, som vert lagt av kommunen skal overtakast av kjøpar frå og med anboringsklave. Viser elles til reglement for kommunalt vatn og avlaup.
- g) Der kommunen etter avtale eller skjøn har gjerdeplikt mot andre eigedomar, overtek kjøpar av den enkelte parsell kommunen si gjerdeplikt i samsvar med den avtalen kommunen har med vedkomande.
- h) Kommunen har rett til å legge skråning frå regulerte vegar inn på tomtene.



## SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2017/407

Arkivkode: D11

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
73/17	Formannskapet Kommunestyret	02.05.2017

### **SYMJEBASSENG I SENTRUM I VOLDA KOMMUNE - SPØRSMÅL OM FRAMTIDIG LEIGE I SYMJEHALLEN ETTER 2020.**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

1. Formannskapet i Volda syner til saksutgreiinga under og vil allereie no signalisere at det ikkje vil vere framtidsretta for kommunen å halde fram med å leige symjehallen ut over 2020 på dei nye vilkåra som går fram av skrivet.
2. Med tilvising til pkt. 1 må kommunen sette i verk ein prosess for å oppretthalde lovpålagt symjeopplæring for elevane i sentrum frå det tidspunktet kommunen ikkje lenger er leigetakar i symjehallen.
3. Primært ynskje Volda kommune å byggje 25 meters basseng på høgskuletomta evt. i tilknytning til Volda Campus Arena) og evt. med opplæringsbasseng i tillegg. Ein føresetnad for ei slik løysing er ei betydeleg medverknad i form av leige frå Høgskulen og evt. andre leigetakarar og bidragsytarar.
4. Dersom pkt. 3 ikkje er mogleg å realisere vil Volda kommune bygge 12,5 m basseng knytt til Øyra skule.

#### **Vedleggsliste:**

Skriv d.s. 02.03.2017 frå Høgskulen vedk. Spørsmål til Volda kommune om framtidig leige av symjehallen i Idrettsbygget

#### **Uprenta saksvedlegg:**

Ingen

#### **Samandrag av saka:**

Høgskulen har i skriv d.s. 02.03.2017 vendt seg til Volda kommune der dei ber om svar på om kommunen vil halde fram med leige av symjehallen i Idrettsbygget etter 2020.

#### **Saksopplysningar/fakta:**

Volda kommune har motteke skriv d.s. 02.03.2017 frå HVO der dei ber om svar på om kommunen vil halde fram med leige av symjehallen i Idrettsbygget etter 2020. I skrivet vert det m.a. gjort greie for utfordringane til HVO med idrettsbygget samt tilstanden til symjehallen.

I rapporten frå Sweco Norge As som det vert synt til i skrivet er det vurdert to alternative tiltak:

1. Forlenging av levetid med drift fram til 2030 som er vurdert å ville ha ein kostnad på 15 mill.
2. Total renovering for drift fram til 2050 som er vurdert å ville ha ein kostnad på 49 mill.

Sweco meiner at totalrenovering av symjehallen er eit lite aktuelt alternativ og tilrår ikkje at det blir gjort.

I skrivet gjer HVO si vurdering av husleigekostnader og leigetid og kjem fram til ein konklusjon der *"HVO kan inngå leigekontrakt med Statsbygg om leige av heile idrettsbygget på vilkår av at Volda kommune er villig til å betale 1,55 mill. kroner per år.*

I det reknestykket vert det føresett at kommunen bind seg til ei langsiktig leige på 10 år og at kommunen si leige i symjehallen vert auka frå omlag kr. 250.000,- i dag til 1,55 mill. frå 01.01.21 og høgskulen får si leige redusert tilsvarande.

Med dette som bakteppe ynskjer HVO snarleg svar på om;

*Vil Volda kommune inngå avtale med HVO om leige av tid i symjehallen til ein pris av 1.55 millionar kroner i 10 år frå og med 010121? Det vil vi gjerne ha svar på relativt raskt sidan vi no er i gang med å planlegge nytt mediebygg. Dersom svaret er nei, vil HVO gå for inn alternativet med berre å leige gymsalane og sanere heile symjehallen. Då blir det slutt på drift av symjehallen frå og med 010121.*

Skrivet fylgjer vedlagt til vitande.

Kommunen har munnleg signalisert at å nytte til saman over 15 mill. for at symjehallen skal vere operativ i 10 år til er ikkje noko god og framtidsretta løysing for oss, og at vi vil måtte vurdere å bygge sjølve.

### **Kommunen sitt eige behov:**

I notat til formannskapet i samband med ny Voldahall skriv Oppvekstsjefen 04.02.2017 (2015/443):

#### **Opplæringsbasseng**

*Volda kommune har ikkje lenger noko symjeanlegg i Volda sentrum, og elevane ved Mork skule, Bratteberg skule, Vikebygda skule, Øyra skule og Volda ungdomsskule har no symje- og livbergingsopplæring i varmtvassbassenget ved sjukehuset og i symjehallen i idrettsbygget.*

*Symjehallen i idrettsbygget er ikkje eit eigna opplæringsbasseng for dei minste, då det er kaldt og djupt. Varmtvassbassenget passar dei aller yngste elevane, men er for varmt for dei som symjedyktige og skal øve på å symje lengre distansar. Det er Vikebygda skule som nyttar dette bassenget for sine elevar i 1. – 4. klasse.*

*Det er administrasjonen si vurdering at skulane i sentrum vil kunne få vanskar med å nå dei nye kompetansemåla med dei ressursane og fasilitetane vi har i dag. Det kan vere nødvendig å starte symjeundervisninga tidlegare enn i 3. klasse slik vi gjer i dag, både for å gi elevane betre tid til modning, og for å sleppe å avlære lite formålstenleg teknikk som elevane har lært på eiga hand når dei kjem i 3. klasse. Vi bør også ha timar til å gje symjeundervisning til elevar på mellomsteget som ikkje har nådd krava til symjedugleik etter 4. årssteg og for å halde ved like symjedugleiken for at elevane skal klare å nå måla etter 10. årssteg.*

*I møte med høgskulen, 24.01.2017, vart Volda kommune opplyst om tilstanden på symjehallen på Idrettsbygget. Høgskuledirektøren informerte om at ein står framfor to reelle val:*

1. *Ei avgrensa renovering som forlengar levetida med ti år*

2. Avslutte leigeforholdet med Statsbygg, som då vil rive symjehallen og setje opp ein endevegg på Idrettsbygget

Viss høgskulen seier opp avtalen med Statsbygg, og symjehallen vert riven, står kring 900 elevar i sentrum og Mork utan opplæringsbasseng. Å skysse desse elevane til andre skular med basseng vil bli ein sær stor økonomisk kostnad. I tillegg vil verdfull undervisningstid gå til reisetid.

Oppvekstsjefen rår sterkt frå å vurdere slike løysingar.

Konklusjon:

...

Oppvekstsjefen er uroleg for rammevilkåra kring symje- og livbergingsopplæringa for elevane i sentrum og Mork. Viss Statsbygg finn grunn til å rive symjehallen på Idrettsbygget, står kring 900 grunnskuleelevar utan eigna opplæringsbasseng. Volda kommune bør legge planar for eit alternativ som bør ligg i nærleiken til hovudtyngda av elevane (les: Øyra skule og Volda ungdomsskule). Eitt alternativ kan ein tenke seg knytt til planane til VCA. Eit anna alternativ kan vere eigne kroppsovingsfasilitetar inkludert opplæringsbasseng mellom dei to skulane.

- 1 Spørsmål til Volda kommune om framtidig leige av symjehallen i Idrettsbygget sendt fra Høgskulen i Volda

Kommunen er pliktige til å gje symjeopplæring for å nå krava til symjedugleik.

#### Alternativ ved å bygge nytt:

Kostnadstala under er stipulerte ut frå erfaringstal frå liknande prosjekt.

- |  |                              |
|--|------------------------------|
| <b>1. <u>Sjølvtendig bygg ved Øyra skule</u></b> | <b>Stipulert kostnadstal</b> |
| 12,5 meter opplæringsbasseng                     | kr. 22.625.000,- inkl. mva   |

Ved dette alternativet får Kommunen dekka **lovpålagt** symjeundervisning. Alternativet ligg nær skule og er den rimelegaste økonomiske løysinga. Hallen er enklast å få bygt innan tidsfrist 01.01.2020 og kommunen er ikkje avhengige av andre for å gjennomføre prosjektet.

På den andre sida kan alternativet ikkje dekke HVO sitt uttalte behov. Det dekker heller ikkje behovet til symjeklubben og er ingen "framtidretta" svømmebasseng for dagleg bruk av befolkninga i kommunen

- |  |                                    |
|--|------------------------------------|
| <b>2. <u>Tilbygg til idrettshall</u></b>     |                                    |
| <b>a. <u>25 meter med heve/senkegolv</u></b> | <b>Stipulert kostnadstal</b>       |
|  | kr. 30.240.000,- inkl.mva          |
|  | Heve/senkegolv vil kome i tillegg. |

Ved dette alternativet får Kommunen dekka **lovpålagt** symjeundervisning. Alternativet ligg nær skule og fritidsaktivitetar. Alternativet kan dekke HVO sitt uttalte behov. Det kan vere mogleg med garderobe/sambruk med idrettshall om ynskjeleg og det dekker symjeklubben sitt behov.

Vidare kan alternativet dekke eit visst badebehov på kveldstid men vil truleg ikkje vere attraktivt over tid. Kanskje kan varmen også nyttast i idrettshallen ?

På den andre sida vil alternativet gje minimalt med driftsinntekter utanom skuletid. Alternativet er lite "framtidretta" svømmebasseng for dagleg bruk av befolkninga i kommunen og eit spørsmål kan vere om reg.plan og kopling til idrettshall forseinke prosessen? Kommune er også avhengige av andre for å få gjennomført prosjektet

**b. 25 meter + 12.5 meter oppvarma/opplæringsbasseng Stipulert kostnadstal**

kr. 43.008.00,- inkl. mva

Ved dette alternativet får Kommunen dekka **lovpålagt** symjeundervisning. Alternativet ligg nær skule og fritidsaktivitetar. Alternativet kan dekke HVO sitt uttalte behov. Det kan vere mogleg med garderobe/sambruk med idrettshall om ynskjeleg og det dekker symjeklubben sitt behov.

Vidare kan alternativet dekke badebehov på kveldstid og i helgane og kan såleis gje driftsinntekter utanom skuletid. Kommunen får eit "framtidretta" svømmebasseng for dagleg bruk i kommunen. Auka bruk = styrka folkehelse. Styrka kultur/omdøme /identitet/gode opplevingar Vil kunne verte ein møteplass og eit slikt alternativ vil kunne støtteopp under **Samfunnsplanen**; vidareutvikle samarbeidet med Høgskulen og vere aktive i utvikling av Campusområdet. Kanskje kan varmen også nyttast i idrettshallen ?

På den andre sida vil alternativet vere det dyraste alternativet å gjennomføre og eit spørsmål kan vere om reg.plan og kopling til idrettshall forseinke prosessen? Kommune er også avhengige av andre for å få gjennomført prosjektet

### **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen ser det slik at det ikkje er noko framtidretta løysing og heller ikkje økonomisk god løysing på sikt å nytte til saman over 15 mill. for at dagens symjehall skal vere operativ i 10 år til. Kommunen har ei lovpålagt plikt til å gje symjeopplæring for å nå krava til symjedugleik. For å stette det kravet vil eit opplæringsbasseng knytt til Øyra skule vere nok. Ei slik minimumsløysing er imidlertid ikkje «framtidretta» med tanke på dei behova som HVO og symjeklubben har og som kommunen har sett seg som mål i samfunnsplanen og med tanke på kommunen som «Frisklivskommune».

Rådmannen er klar på at det vil vere uråd for kommunen å ta initiativet til meir enn minimumsløysinga om ein ikkje får til ein betydeleg medverknad i form av leige frå Høgskulen og evt. andre leigetakarar og bidragsytarar. I høve til leigeavtalen med HVO på symjehallen byrjar tida for handling å nærme seg. Spørsmål om storleik, medverknad og lokalisering tek til å haste for at ein ny symjehall står klar når avtalen går ut.

Det er viktig at Volda kommune trekkjer opp retning for løysing av behovet for svømmeanlegg kommunen. Kva løysing som er realiserbar er avhengig av Høgskulen og andre partar. Administrasjonen vil gjere avklaringar med eksterne samarbeidspartar med bakgrunn i det retningsvalet som vert teke politisk. Deretter vil ein starte planlegging med milepelsplan for utbygging av anlegg ut frå det alternativet som er mogleg å realisere.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Asbjørn Moltudal  
Ass.rådmann

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

Høgskulen i Volda

Postboks 500  
6101 Volda  
Telefon: 70 07 50 00

Besøksadresse:  
Joplassvegen 11  
6103 Volda

postmottak@hivolda.no  
www.hivolda.no

<b>Dykkar referanse</b>	<b>Vår referanse</b>	<b>Vår sakshandsamar</b>	<b>Vår dato</b>
	14/00976-9	Jacob Kjøde, jk@hivolda.no	02.03.2017

## Spørsmål til Volda kommune om framtidig leige av symjehallen i Idrettsbygget

### Bakgrunn

Idrettsbygget ved Høgskulen i Volda (HVO) stod ferdig i 1961 og hadde då det einaste 25 meters symjebassenget mellom Bergen og Trondheim. Statsbygg har no gjort ei byggteknisk vurdering av symjehallen som konkluderer med at den treng omfattande reparasjonar. Statsbygg reknar med at det kan koste om lag 50 millionar kroner å rehabiliterer og modernisere heile Idrettsbygget til dagens krav. Statsbygg meiner at bygget ikkje utgjer nokon fare for liv og helse dei næraste 3-4 åra.

HVO har leigekontrakt med Statsbygg på Idrettsbygget fram til og med 2020 og brukar huset til idrettsutdanningane sine. Volda kommune leiger tid til symjeopplæring tilsvarande to heile dagar i veka. Symjehallen er også viktig for studentvelferd i Volda.

### Utfordringar

For høgskulen er spørsmålet om framtida til Idrettsbygget nær knytt til nytt mediebygg. Grunnen til det er at finansieringa av auka husleige til nybygget blir påverka av kor mykje ressursar som blir lagt inn i renovering av Idrettsbygget. Dersom HVO skal leige Idrettsbygget etter 2020, må vi inngå eigen leigekontrakt for dette bygget. Desto meir ressursar HVO legg inn i Idrettsbygget, jo mindre blir det til å finansiere dei auka leigekostnadane som eit nytt mediebygg fører med seg.

### Rapport om tilstanden til symjehallen

Statsbygg har engasjert Sweco Norge AS til å gjere ei total vurdering av symjehallen – dvs både bygningsmessige forhold og dei tekniske anlegga. I rapporten har Sweco Norge AS vurdert nærare to alternative tiltak.

#### Alternativ 1 – forlenging av levetid med drift fram til 2030

I dette alternativet gjennomfører ein ei avgrensa renovering slik at levetida for symjehallen blir forlenga med 10 år. «For å utnytte restlevetiden og forlengje driften til ca 2030 må i hovudsak følgjende tiltak gjennomføres:

- Rehabilitering/vedlikehold av fasader
- Etterforankring av teglvanger
- Utbedring av bomflis, fuger og sluk
- Utbedring av fuger, flis og påstøp i bassengbunn.
- Vedlikehold av tekniske anlegg
- Etterforankring av himling
- Ny underfordeling for lys og stikk
- Utskifting av belysning i svømmehall»

## Alternativ 2 — total renovering for drift fram til 2050

I dette alternativet gjennomfører ein ei total renovering slik at levetida for symjehallen blir forlenga med 30 år. «For å sikre en fortsatt drift i nye 30 år frem til ca 2050 må det gjennomføres en omfattende rehabilitering for å heve standarden og for å tilfredsstille dagens krav til denne type bygg, samt øke levetiden på eksisterende bygningsdeler.

Tiltakene er i hovedsak følgende:

- Utvendig isolering og nye fasader
- Reparasjon av betongkonstruksjoner (basseng, fasader etc)
- Utskifting av vinduer
- Innvendig rivning av teglvanger og himling
- Ny diffusjonstetting, overflater og himlinger
- Nytt isolert tak (over betongkonstruksjon)
- Forsterkning av bæresystem, dvs søyler og bjelker.
- Utbedring av basseng. Ny påstøp i bunnen. Utbedring og nye fliser
- Rehabilitering av rennesystem
- Nytt vannbehandlingsanlegg. Utjevning- og skyllevannstank beholdes.
- Nye luftbehandlingsanlegg for både bassengrom og teknisk rom.
- Nytt elektrisk anlegg
- Utbedring av bomflis, fuger og sluk. Forbedre fallforhold»

### *Renoveringskostnader og konsulenten si tilråding*

Kostnadene knytt til *Alternativ 1* er vurdert til 15 mill kroner og til *Alternativ 2* 49 mill kroner. Sweco skriv i oppsummeringa at: «Svømmehallen har en relativt høy alder for denne type bygg, og bygningsmessig standard er svært lav i forhold til dagens krav. Dette grunnet både at kravene for denne type bygg er vesentlig endret siden 1960, og at mange bygningsdeler har en redusert tilstand. Rehabilitering av svømmehallen vil derfor ha en del usikkerheter knyttet til både kostnader for utbedringene og fremtidig drift.»

Sweco meiner at totalrenovering av symjehallen er eit lite aktuelt alternativ og tilrår ikkje at det blir gjort.

### *Mogelege val*

Sidan totalrenovering av symjehallen ikkje blir tilrådd og dessutan ville blitt ei veldig kostbar løysing i form av auka husleige, har HVO kome fram til at vi berre har to val. Det eine er å halde fram med å berre leige gymsalane og sanere symjehallen. Det andre er å gå for ein 10-årskontrakt med avgrensa renovering av symjehallen. Når Volda kommune får bygd ny symjehall, forpliktar HVO seg langsiktig til å leige timar der på vilkår av at den fyller våre krav.

### *HVO si vurdering av alternativet der vi inngår 10 års leigekontrakt om heile Idrettsbygget*

Det blir gjennomført ei avgrensa renovering av symjehallen i samsvar med Alternativ 1 i Sweco-rapporten. I følge Statsbygg vil det kome om lag 5 mill kroner i investeringskostnader i tillegg til dei som kjem fram av tala til Sweco. HVO inngår ein avtale med Statsbygg om leige av Idrettsbygget på 10 år.

Husleigekostnadene for denne løysinga blir 4 mill kroner per år. I tillegg kjem årlege driftskostnader på om lag 2 mill kroner.

Våre utrekningar syner at det blir om lag 3,1 mill kroner billigare for HVO å berre leige gymsalane - utan symjehallen. Med dei økonomiske rammevilkåra vi kan rekne med for HVO i åra framover er det ikkje rett å tilrå at vi bør leige heile Idrettsbygget i 10 nye år utan at vi kan auke inntektene monaleg.

I dag leiger Volda kommune og Volda vidaregåande skule timar i symjehallen til prisar som er sterkt subsidierte. Dette har vi ikkje høve til å gjere etter økonomiregelverket. Dersom vi skal gå for valet om 10 års leigekontrakt for heile Idrettsbygget, er det heilt avgjerande at vi får ei langsiktig avtale med Volda kommune om leige av symjehallen på heilt andre vilkår enn i dag.

Kva er så rett pris (sjølvkost) for leige av ein time i symjehallen? Eit utgangspunkt kan vere at det kostar 3.1 mill kroner meir å leige heile Idrettsbygget enn berre å leige gymsalane. Eit skuleår har 190 dagar. Prisen per skuledag blir då kr 16315. Ein dag er 8 timar, timeprisen blir då kr 2039. I dag leiger Volda kommune symjehallen to dagar i veka. Det er 40% av tida. Men høgskulen nyttar symjehallen berre tilsvarande ein dag i veka til egne faglege aktivitetar. Det er difor ikkje urimeleg at Volda kommune betaler halvparten av kostnadene som då blir 1.55 mill kroner i året.

#### *Konklusjon*

HVO kan inngå leigekontrakt med Statsbygg om leige av heile Idrettsbygget på vilkår av at Volda kommune er villig til å betale 1.55 millionar kroner per år.

Fordelen med denne løysinga er at vi sikrar 10 år forlenga levetid for symjehallen slik at kommunen får god tid på seg til å byggje ny symjehall.

Vil Volda kommune inngå avtale med HVO om leige av tid i symjehallen til ein pris av 1.55 millionar kroner i 10 år frå og med 010121? Det vil vi gjerne ha svar på relativt raskt sidan vi no er i gang med å planlegge nytt mediebygg. Dersom svaret er nei, vil HVO gå for inn alternativet med berre å leige gymsalane og sanere heile symjehallen. Då blir det slutt på drift av symjehallen frå og med 010121.

Med helsing

Jacob Kjøde  
høgskuledirektør

Dokumentet er elektronisk signert.

Kopi til: Økonomikontoret v/Ingunn Welle, Drift v/Leif Roar Strand



**PS 74/17 Referatsaker**

**RS 6/17 Protokoll årsmøte 2016 Destinasjon Ålesund & Sunnmøre**